
Saksnr: 2021/40730-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2021

TV-aksjonen 2021 - søknad om bidrag

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 150 000 frå tilleggsløyvingskontoen til TV-aksjonen 2021.

Samandrag

Fylkeskommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr 150 000 frå tilleggsløyvingskontoen til TV-aksjonen.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesaksjonsleiaren for TV-aksjonen i Vestland søkjer i brev av 30.06.2021 om eit bidrag frå Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet disponerer midlar på tilleggsøyvingskontoen.

Vurderingar og verknader

I år går TV-aksjonen av stabelen 24. oktober. Føremålet dette året er kampen mot barneekteskap. Barneekteskap bremsar utvikling og opprettheld fattigdom. Med årets TV-aksjon vil Plan nå ut til tre millionar menneske for å få slutt på barneekteskap. TV-aksjonsmidlane går til kampen mot barneekteskap i Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger. Saman skal vi gje jenter moglegheit til å velje si eiga framtid.

Økonomi: Liten effekt for fylkeskommunen

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Von om ein viss positiv effekt i landa der midlane skal nyttast.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr 150 000 frå tilleggsøyvingskontoen. Dette er same summen som i 2020.